

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

3.søndag i treeiningstida - 25.juni 2017

Preiketekst: Luk 14,15-24

Lesetekst I: Jes 25,6-9

Lesetekst II: Op 19,5-9

Himmelsk fest

Jesus i gjestebod

Luk 14,1 fortel at Jesus er beden til å eta hjå ein farisear som var medlem av Rådet. Det var sabbat og fleire andre var til stades. I dette gjestebodet hender det ulike ting: Jesus lækjer ein mann som leid av vatn i kroppen, utan at farisearane protesterer (v2-6). Deretter kjem Jesus, gjennom ei likning, med råd for korleis både gjester og vert skal bera seg åt (v7-14).

Med dette som bakgrunn er det ein av gjestene, altså ein lovkunning eller ein farisear (v3), som seier *"Sæl er den som får sitja til bords i Guds rike."* (v 15)

Ville han setja Jesus på prøve? Ville han ha Jesus til å seia noko dei kunne klaga han for, sidan det var sabbat og dei heldt auga med han? Eller var det berre ironisk meint?

Eller kan det henda at han sjølv er sikker på å få tilgang til den himmelske festen? Jødane tenkte seg at Messiasstida vart innleia med ein stor fest der alle fromme jødar skulle sitja til bords med Abraham, Isak og Jakob. Då skulle jo denne fromme mannen ha sin sikre plass ved bordet i Guds rike.

Jesus fortel om gjestebodet

Jesus sitt svar på mannen sitt utsagn er ei likning om *"ein mann som ville halda eit stort gjestebod og bad mange"*. Etter vanleg jødisk skikk var det sendt ut invitasjon i god tid på førehand og ettersom det ser ut, har ingen sagt nei til invitasjonen på det tidspunkt. No er selskapsalen klargjort og maten er ferdig. Han sender tenaren sin i veg for å seia: *"Kom, for no er alt ferdig!"* Men kva skjer? Dei avslår den andre invitasjonen! Dei har ulike unnskyldningar å koma med, alle like gode eller dårlege. Sjølv sagt, det er viktig å sjå på eit nykjøpt jordstykke, men det kunne gjerast dagen etter! Sjølv sagt er det viktig å prøva nye oksar, men dei hadde han vel prøvd før han kjøpte dei? Sjølv sagt vil ein nygift vera saman med kona si, men kunne han ikkje tatt henne med på festen?

Det er unnskyldningar, ikkje reelle grunnar til å avstå frå å koma til festen dei er inviterte til.

Dessutan, utifrå jødisk skikk var det svært uhøfleg å avslå den andre invitasjonen. Det var rett og slett ei fornærming!

Mannen tek det som ei fornærming og vert sint når tenaren kjem igjen og fortel at dei inviterte ikkje vil koma!

Tenaren vert umiddelbart sendt ut igjen: *"Gå straks ut på gater og torg i byen og hent inn fattige og uføre, blinde og lamme."* (Jmf 14,13) Han så gjorde, men det var enno plass, huset var stort og det skulle bli fullt.

Tenaren vart sendt ut enno ein gong: *"Gå ut på vegane og stigane og nøyd folk til å koma inn, så huset mitt bli fullt."*

Gjestebodet er tiltenkt alle

Likninga fortel oss at frå Guds side er Herrens festmåltid som vi les om i Jes 25 tiltenkt alle menneske! Alle er inviterte! *"På dette fjellet skal Herren over hærskarane gjera i stand for alle folk eit festmåltid med feite retter, eit festmåltid med gamal vin, med feite mergfulle retter og gamal klåra vin."* (Jes 25,6)

Alle er inviterte på den festen!

Guds folk, jødane først, som har fått ein dobbel invitasjon: først gjennom profetane, sidan gjennom Jesus.

Herren inviterer vidare dei som står utanfor det gode selskap, dei som vert sett ned på, undervurdert, sett i båsar: *"fattige og uføre, blinde og lamme."* Inviterte og hjarteleg velkomne!

Herren inviterer endå vidare ut, til heidningefolka. Dei må nøydst, så usannsynleg synest dei det er at dei skal få plass i festsalen! Men også dei er inviterte og hjarteleg velkomne!

Invitera til gjestebod

Vi er tenaren i likninga. Gud bruker oss til å gå med invitasjonen! Då må vi ha klart for oss at frå Gud si side er alle inviterte og derfor skal ikkje vi tenkja og seia: der og der nyttar det ikkje! Dei og dei menneska vil ikkje høyra likevel! Vår oppgåve er å invitera! Det er opp til den enkelte å ta imot!

Der er plass til alle som kjem på festen! Ingen skal måtta leita etter plass og ingen plass skal stå ledig når festen byrjar! Festsalen skal bli full av folk frå alle folk og folkeslag, stammer og tungemål!

Det siste gjestebodet

Til slutt er det Jesus sjølv som konkluderer: *"Ingen av dei som var bedne, skal få smaka festmåltidet mitt."*

Ei alvorleg og tankevekkande avslutning! - Men likevel er det slik at kvar den som tek imot invitasjonen, får vera med på festen, jødar så vel som heidningar!

Opb 19,7-8: *"Lat oss gleda oss og jubla og gje han æra! For tida er komen då Lammet skal halda bryllaup. Brura har gjort seg klar, og det er gjeve henne ei drakt av skinande reint lin."*

"Sæle er dei som er bedne til brudlaupsmåltidet hos Lammet." (Opb 19,9)

Takk for invitasjonen, eg kjem!

Alvhild Vassel Eide

Pensjonist. Tidlegare NMS-misjonær i Kamerun.

alvhild.vassel@gmail.com